



Systerne.

Etter Helena Nyblom.

For mange aar sidan budde det ein vedhoggar langt inne i skogen. Han hadde tvo smaagjentor. Den eldste heitte Maalfrid og var aatte aar gamall. Ho var fødd midt paa myrkaste vinteren, daa snøen laag i store fonner og dei hadde lite aa liva av i skogen. Systeri var berre seks aar. Ho kom til midsumars, daa skogen var full av blomar og bær. Maalfrid hadde eit lite, aalvorsamt andlit og store myrke augo. Systeri hadde glade blaa augo, og haaret var bjart som folgeislar. Difor falla dei henne Solveig.

Mor deira døydde, og fraa den stund var Maalfrid som ei liti mor for systeri, og det var ho som heldt stova fjelg og rein og koka grauten og jordepli.

Rvar kveld stod dei tvo smaagjentorne hand i hand utanfor døri og saag etter faren; han kom alltid heim naar soli gladde. Men so var det ein kveld han inkje kom. Dei venta i tri dagar og tri næter. Daa sa Maalfrid: „No er visst han far død, elles var han longo heimfomen.”

Og det var som ho sa. Han hadde felt eit stort tre yver seg, og laag død langt inne i skogen.

„So fær vel me gaa ut i den vide verdi,” sa Maalfrid.

„Ja, so fær vel me gaa ut i den vide verdi,” sa Solveig dg.

Dei tok paa seg helgeflædi. Livet var utsauma med rosor, og dei hadde raud vadmaals-staff og kvit skjorta. Haaret kjembde dei nedetter ryggen, og so batt dei paa seg dei smaa grøne huvorne sine. Men storne var tjukke og tunge.

Dei tok med seg nokre brødmolar og ein neve neter, og so gjekk dei.

„Det er kje verdt me læser døri,” sa Solveig. „Lat ho staa, so kann hararne koma inn og bu i stova, naar det vert hustre aat dei ute i skogen.”

Det var ein kald haustdag. Stormen ruffa og reiv i skogen, og han dansa fringum dei tvo smaagjentorne og ropa: „Haa, haa! so smaa! Eg kunde ha god hug til aa fljuga burt med ei av dyff.”

Men dei tvo systerne heldt kvarandre fast i handi: „Ofs kann ingen skilja,” sa Maalfrid. „Me fylst aat allstødt.”

„Ja so kann de gaa kvar de vil for meg!” sa stormen, og so flaug han.

Dei kom til ein fjellbeff, og hver den laag det ei smal spong. So vilde dei ut paa spongi baae paa ein gong, men fjellbeffen sfratta og sa: „Ser de infje at de lyt gaa i rad, dersom de skal koma vel hver?”

„Ja, so fær det vera det same,” sa Maalfrid. „Me tvo vil aldri skiljast aat.” Og so gjekk dei ein lang umveg.

Frampaa kvelden møtte dei ein sfrubb. Han saag so holsvolten ut og vart staa- ande framfor smaagjentorne og sleifte seg um munnen.

„Eg kunde ha god hug til aa eta upp ei av dyff,” sa han og flekte tenner.

„Men me fylst aat allstødt,” sa Maalfrid. Og vil du eta ofs, so fær du eta ofs baue tvo.”

„Det var leidt,” sa sfrubben. „Meir en ei greider eg infje.” Og so luffa han av.

No tok det til aa verta skumt i skogen. Vesle Solveig gret og sa at ho orka kje gaa lenger. So kom dei til ei hol eif. „Hev du rom aat ofs baae tvo?” spurde Maalfrid og glytte inn. „Berre prøv!” sa eifi. „Her er hjarterom, og daa er her vel hufrom og.”

So kraup baae smaagjentorne inn i holstuvan, plent som tvo natekjernor i same skalet. Og der sov dei godt.

Daa det dagast, tok dei ut att med godt mod. For no var det ljost og unelegt i skogen.

Best det kom ei stasvogn farande med fire hestar fyre. Og i vogni sat hertugen og hertugfrua og fire unge frøknar; dei var klædde i fløyel og silke og sobel og maard.

Daa dei fekk sjaa smaagjentorne, bad dei køyrefaren stogga. Dei tyktest aldri ha set nofo so ynndelegt som dei tvo smaagjentorne, og vilde plent ha dei upp i vogni. Men for dei so snudde og vreid seg, so var det berre rom aat ei.

„So tek me henne med gullhaaret;” sa dei og lyfte Solveig upp i vogni.

„Men me fylst aat allstødt,” sa Maalfrid. Ho var mest paa graaten.

„Denne gongen er det raadlaust. Du ser sjølv at her berre er rom aat ei,” sa dei.

„Vil de vera gode med henne daa?” spurde Maalfrid.

Ja, det lova dei alle med ein munn.

„Ho er so liti og so snild,” sa Maalfrid. „Ho hev aldri høyrte eit vondt ord.”

„Det skal ho aldri faa høyra heller,” svara dei.

„Og vil de alltid gjeva henne mat og drykk og varme, vene klæde?”

Ja ho skulde faa alt ho trong.

„So fær de høyra daa,” sa Maalfrid. Og so førde vogni.

Besle Solveig tykte det var overlag gildt aa sitja i den fine vogni hjaa alle dei blide frøknarne. Ho vifta med handi so lenge ho kunde sjaa systeri. Men daa vogni vart burte i vegsvingen, daa sette Maalfrid seg ned paa marki og gret. Ho tykte kje ho kunde livva no naar ho infje fekk ha systeri hjaa seg og halda henne i handi.

Men so tenkte ho paa alt det gode og vene dei hadde lova henne, og so turka ho taarorne og gjeff lenger. Daa det leid mot kvelden, kom ho upp paa sfogheidi. Der fekk ho sjaa noko som ho fyrst tok for ein gamall turr krake; men so gaadde ho at det røyvde seg og kom nærare. Og daa saag ho at det var ei eldende gamall fjerring. Ho var gul i andlitet og so vifi og skinnturr at det knaka i ho.

„Kva gjeng du her og leitar etter mo aaleine?” spurde gamla.

„Eg er ute og høyrer etter tenesta,” svara Maalfrid.

„Daa kjem du i rette stundi,” sa gamla. „Eg er just ute og skal steda meg tenestgjenta. Gubben min er so gamall og krusen, so eg treng ein kvar som kann sjaa til han. Kom, so skal eg syna deg for fint me bur.”

So fylgde Maalfrid med den gamle fjerringi. Det bar radt upp under fjellet; der budde ho og trollfalten hennar i ei stor steinrøys. Og han var kje for fjelg aa sjaa til der han laag ihopkropan millom steinarne. Han hadde eit hovud so digert som ein trestuv, og haaret likte ei klungerkjørr. Augo saag ut som hardkotte egg, og naar han gapte, var det paa lag som du let upp ei laavedør.

„Her kjem eg med ei liti gjenta,” sa fjerringi og klaadde fallen sin i hovudet med ei grankongla. „Eg tenkjer nok, at ho skal stella vel med deg.”

„Hi, hi!” knisa fallen og glodde paa gjenta. „Kom hit so eg fær sjaa kva du duger til.”

Det raus i ho Maalfrid, stakar, daa ho laut gaa burt til trollfalten.

„Klipp neglerne mine!” grumde trollfalten. „Sofji heng paa fjellveggen der.”

Trollfalten hadde negler so lange som klør, og Maalfrid skaly hver heile kropan daa ho skulde hjelpa han. Og so laag han heile tidi og stirde paa ho med dei fællege augo sine.

„Det var bra!” let han. „No skal du fjemba meg. Riva stend oppmed grani der.”

Det var kje for fjelgt arbeid aa fjemba det haaret! Lufi datt av han, og haaret var so ihopfløkt som ei klungerkjørr. Maalfrid laut taka i so sveiten draup av ho.

„No er eg fin og stroken,” sa trollfalleen og kjende uppi hovudet. „No skal du syngja aat meg til eg sovna.”

So laut Maalfrid setja seg frammed falleen og syngja aat han. Og han bura som ein bjørn til desz han sovna.

„No søv han visst, den vesle sukkertoppen min,” sa fjerringi. „No kann du og gaa stad leggja deg.”

Maalfrid kraup seg ihop paa den vaate mosen under eit grantre, men ho fekk inkje sova. Maanen stod hogt uppe paa himmelen og glytte ned millom greinerne.

„Berre eg visste forleis det er med vesle syster mi!” tentte ho. „Visste eg berre at ho laag i silkeseng, so kann eg gjerne liggja i ei steinrøys.”

Daa tykte ho at maanen log so munnen gjekk radt upp under øyro. „Ja, vesle Solveig ligg i silkeseng, søv berre du!” sa han. Og i same stundi sovna ho.

Hertugen køyrde beinast til slottet sitt. Det laag so høgt at dei kunde sjaa vidt ut yver landet. Han hadde fire døtter heime, so det var aatte i alt. Dei hadde havt ei liti syster som døydde daa ho var paa Solveig sin alder, og no tyktest dei ha fenge henne att.

„Tak hit gullsoffi, so skal eg klippa neglerne hennar Solveig,” sa ei av dei.

„Gjev meg gullkosten, so eg kann faa kosta det vakre haaret hennar,” sa ei onnor.

Ho fekk sylta kissebær og fløyte, og daa kvelden kom, bar dei henne til eit lite taarnkammers; der skulde ho liggja. Det var ljósblaa silkedynor i fengi, og ei av hertugdøtterne tok luthen sin og vilde spela henne i svevn.

Seile dagen hadde ho Solveig vore kvif som ei erla. No daa ho laag i silkesengi si, vart ho aalvorsam og still. Ho laag og saag paa maanen, som stod kvit og blank høgt paa himmelen.

„Eg undrast paa forleis syster Maalfrid hev det?” kviftra ho. „Eg vil gaa til syster Maalfrid, eg vil sjaa henne.”

Men daa tykte ho at maanen log so blidt til henne og sa: „Det kann du nok inkje, lilte mor! Men eg ser henne, og no søv ho so godt. Blunda berre du og!”

Daa lét Solveig augo alt, og snart sov ho trygt.

Ja, no var Solveig fosterdotteri aat hertugen, og Maalfrid var tenestgjenta hjaa trollfalleen. Og dei hadde det so ulikt som tvo syster kunde ha det.

Solveig vart venare for kvar dag, og naar einkvar rosa dei andre frofnarne, so sa dei alltid: „Aa, de skulde sjaa vesle Solveig, syster vaar.”

Alle tykte um henne, og ho tykte um alle. Naar ho kom inn i stova var det som soli lyfte. Og um vinteren stundom laag myrk og tung yver landet og yver folkehugen, so prata og log den vesle gjenta so dei tykte vaaren var komen med fuglesong og furlande bekkjer. Og jamt fekk ho høyra at ho var gleda og trøyfti for dei alle. I fyrstningi tenkte ho ofte paa syster si og lengta etter henne. Men smaatt um fenn vart minnet bleikare og bleikare. Ho var so sæl der ho var, og det framfarne laag so langt burte som ein skoddehaus bakum fjellet.

Maalfrid sleit og træla hjaa trollkallen. Ho laut hjelpa han med alt, og ofte var han baade ilsten og rang. Verst var det um vinteren. Daa budde dei i ein heller, og fraus syndleg. Maalfrid laut kava seg fram gjenom snøsonnerne og draga heim ved og vatn. Og so det fælslege myrkret i skogen! Aldri møtte ho eit menneskje, intje eingong ein liten hare; for jamvel dyri kjenner det paa teven kvar trolli held til, og so renner dei undan.

Sumarsdag kunde det gaa, for daa blømde det so vent kring fjellet. Maalfrid morva seg med aa binda fransar av blaasoleior og skogstjernor og linnea. Men naar ho hadde fenge dei retteleg vene, so kom trollkallen og trakk paa fransarne med elefantføterne sine og sa at ho maatte kje hefta seg burt med slikt. Ho skulde sitja hjaa honom og jaga burt myggen med ein svige.

Vesle Maalfrid hadde likevel ei underleg magt yver trollkallen. Han kunde vera so vill og sinnesgalen at kjerringi gøymde seg millom einfjørri so han intje skulde skamslaa henne. Men naar Maalfrid saag paa han med dei aalvorsame augo sine, so spafna han. Ja, endaa til naar han hadde mageknip, kunde han sovna, berre Maalfrid sat still attmed han.

Men ho var longo trøytt av aa vera der. No hadde ho tent hjaa trollkallen i fem lange aar, og for kvar dag lengta ho meir etter vesle syster si. Ofte hadde ho hug til aa springa sin veg; men daa tenkte ho so lenge eg intje hev nofo lifare, fær eg halda ut der eg er.

Men so ein kveld daa alle hadde lagt seg og dei gamle trudde at Maalfrid sov, daa sa trollkallen til kjerringi si: „Veit du, mor, eg skulde ja menn ha god lyst til aa smaka paa denne vesle gjenta vaar! Berre liggja og suga paa henne fyrr eg sovnar. Ho er visst likso søt og god som eit stykke brystfucker.”

Maalfrid var so rædd at ho kolna all igjenom, og daa dei gamle var sovna, reis ho stilt upp. Ho smaug seg berrføtt nedetter steinrøyssi, men endaa losna det stein og rulla utfyre. Daa vakna kjerringi og skreik til kallen: „Lat vera aa smurka, din gamle gris! Eg fær kje sova, høyrrer du!”

Men trollkallen vart plent styrlaus. „Du snurkar nok sjølv, di starvefjerring du er! Eg andar so stilt som eil fivrelde, eg.” Dei skjentest so dei høyrde berre sitt eige maal. Men daa passa Maalfrid paa og skunda seg nedetter hallet. Og snart var ho langt inni skogen.

Det var ei herleg natt. Vaaren var komen, og det surla i alle dei smaabeffjerne som no hadde losna. Lufti var full av ange fraa balsampoppel og bjørk, og høgt uppe paa den ljose natthimmelen sveiv maanen so lett og fint som eit skip sigler for logn bøv.

Maalfrid gjekk snøgt, og kom til slutt ut paa ein lang aas. Nedunder laag skodda som eit hav burtetter fletta.

Uppe paa aasen heldt gjetarane til med sauene og geiterne sine. Daa soli spratt, saag ho at det tok til aa aula og fraula millom alle tuvor og byffje. Der var i hundradvis med sauene og raggute geiter, morske vërar og smaa snøkvite lamb.

Maalfrid vaaga seg burt til ein av gjetarane og spurde um ho kunde faa lov aa vera her og hjelpa han med gjetingi. Ja, det skulde ho faa, herre ho hadde augo med seg og infje laag og sov naar skrubben kom.

So gav ho seg til uppe paa aasen. Ho fekk ei stor tjukk kappa med ei hetta til aa draga fram hver hovudet, so ho skulde ha ein grand livd for vind og vëte. Og so fekk ho ein lang krostav til aa jaga sauene med, og eit buffehorn til aa blaasa dei saman med.

Det varde fje lenge fyrr ho kjende kvart smaalog i flokken. Der var fem store vërar med langt skjegg og horn som krotte seg atthver av berre illfka; for dei tenkte aldri paa anna en aa slaast og knuflast. Og der var hver hundrad sthyne sauene, som stødt sprang i flokk og stødt sa „bæ”. Vart ein sau skremd for ingen ting, so rende dei av stad med slif offe at ein kunde tenkja dei braut føterne av seg. So var det ein heil flokk med smaa fine lamb.

Maalfrid dreiv sauesloffen sin fraa den eine bugangen til hin. So saag vel etter at dei infje fekk koma for langt ned paa aassida, og i myrke kveldar gjorde ho upp ein nynging so villdyri infje skulde koma for nær.

Fraa aasen kunde ho sjaa langt ut hver landet, og burte millom fjelli saag ho eit slott med høge taarn. Naar dei kveifte ljøs paa slottet um kveldarne, lyste det som ei stjerna langt burte. Daa sat Maalfrid so tidt i det doggvaate graset med sauesloffen kringum seg. Og ho sa med seg sjølv: „Eg undrast kven som bur i slottet der? Tru dei hev dans og moro ikveld?” Og det sveid so underleg i hjarta hennar.

Slottet høyrde hertugen til, og det var der Solveig budde. No var ho ei stor gjenta paa 12 aar, og ho hadde mykje moro i lag med hertugdøtterne. Det var alltid fullt med folk paa slottet, dei kom og dei gjekk, og jamnan høyrde ein hundegau og hestetraff ute i tunet. Djerpe riddarar og damorne deira reid i veidessog med falkar paa

handi og med tenarar og vaapnsveinar i fylgje. Fraa morgon til kveld høyrde ein song og lystigt svall i dei store salarne. Og um kvelden kveikte dei skundor i riddarsalen og trødde dansen der. Vesle Solveig fekk vera med i dansen sume tider. Men naar dei staafa for mykje og det vart heitt og kvævt inne, gjekk ho ut paa svalgangen. Daa saag ho den nyningen som Maalfrid hadde gjort upp langt burte paa aasen; han lyfte mest som ei stjerna.

„Eg undrast kven som hev kveikt den elden?” tenkte ho. „Eg undrast um det er nokon som ligg ute i nattefulden?” So gjekk ho inn att og dansa.

Solveig livde mest innanstoffs i dei store slottssalarne, og der anga det av røykjels og halvbrunne vassljøs. Ho fekk berre gaa ut naar soli skein, og daa spela ho ball i rosehagen innanfor slottsmuren, eller ho sat og sauma under dei store lindetrei paa borggarden. Sudi hennar hadde vorte kvit og fin som alabaster. SENDERNE VAR SOM liljeblad, og gullhaaret breidde seg som ei kappa yver den grunnlagde kroppen.

Maalfrid var herdebreid, og stor for alderen. Ho var solbrend og hadde fenge harde og grove hender. For uppe paa aasen steikte soli sumars dag, der tok stormen so kvast um hausten at han ofte reiv store tre i koll, og lite livd var det for stridregnet. Men ho saag heile himmelen med solrenningi yver fjellet i aust og soleglad langt vest i havet. Um nati hadde ho alle dei millionar stjerner yver seg, og ho fylgde med augo dei lange stjernerapi tvert yver himmelen.

Ho hadde kje nokon aa svalla med; for kvar gjetar laut passa sin flokk, og naar dei møttest um kvelden, bar det jamt i kjekl med dei. Maalfrid tagde helst still so ho skulde faa vera i fred. I fyrstningi tala ho nok med sauesloffen; men dei gamle vërarare svara berre „bu”, og alle sauerne sa „bæ”, og dei smaa lambi sa „mæ”, og det kunde ho snart utanbofs. So sat ho der einsleg og tagde og saag paa blomarne og paa himmelteifni. Men sauesloffen samla seg fringum henne so snart ho falla, og um kvelden la dei seg i ring fringum henne og sov trygt.

I fem aar gjætte Maalfrid sauer og geiter paa aasen; men daa vaaren kom det sette aaret, vilde ho inkje vera der lenger. Ho sat ein kveld og saag burt imot fjelli og venta paa at dei skulde kveifja ljøs i slottet der uppe. Men myrkt var det, og myrkt vart det verande.

Ho venta kveld etter kveld; men den vesle stjerna uppe millom fjelli tedde seg inkje meir. Daa vart ho so ottefull og tok til aa lengta so hardt etter systeri.

„Verdi er vel inkje større en at eg skal finna henne til slutt,” tenkte Maalfrid. So batt ho sfør paa føterne, sa farvel til sauerne og geiterne, til gjætarane og gjetslegjentorne, og so tok ho vegen mot havet. I hamni laag det mange skip ferdige til

aa sigla, men eitt var venare en alle dei andre. Det var nybygt og skulde ut paa fyrste ferdi. I framstammen stod det eit gylt kvendebilæte med ein krans i handi, og slaggi blakra fraa alle mastrer. Skipet heitte „Triumf” og skulde sigla til eit land langt burte.

Maalsfrid gjekk til kapteinen og spurde um ho inkje kunde faa eit lite rom paa det gilde fartnet hans, for ho etla seg langt av. Kapteinen var i slitt godlag etter festen dei nett hadde halde, so han berre log. „Ja, vil du vera skipsfatt, so skal du faa sigla med,” sa han.

„Du kann falla meg kva du vil berre eg fær fylgja med hver havet,” svara Maalsfrid. Og so fekk ho eit lite soverom paa skipet.

Daa dei kom ut paa havet, dansa baarorne kringum skipet, og Maalsfrid tykte stødt at dei ropar: „Me skal bera og vogga deg til des du naar fram til vesle systir di. Me veit godt kvar ho er.”

Dei hadde utifraa lagleg vind, og skipet siglde som ei svana burtetter bylgjorne. Men so vart det braastilt — so stilt at det var reint uhuglegt. Og um litt kom stormen so kvast som du skulde ha slept laus alle dei fire vindarne med ein gong. Bylgjorne voks og voks. Dei kom høge som hus, høge som kyrkjetaarn, med skumskavlar paa toppen og kolvarte djuy imillom seg. Og skipet vart kasta hit og dit.

Alle ferdafolki laag ihopkropne paa dekket, og kvar gong brotsjøarne slo hver dei, sette dei i eit redsleskrif.

Maalsfrid laag ihopkropi millom dei andre, men det let kje i henne. „Er du inkje redd?” spurde dei. „Ser du inkje at me gjeng under?”

„Det trur eg inkje,” svara Maalsfrid. „Eg er ute og leitar etter systir mi, og eg er vifs paa at Gud vil lata meg finna henne.”

„Ja, det ser just so ut!” sa dei. „Høyr berre!”

Med same knaka og knast det i skipet so ein kunde tru det skulde brotna i tusund molar. Kapteinen lét mannskapet kapp den eine mastri; han lét dei kapp alle tri. Styrmannen stod enno ved roret; men det var so myrkt at han inkje saag kva fos han skulde halda, og skipet laag berre og dreiv.

Daa gaadde dei uventa ein ljofte i myrke natti. Det var fyrtaarnet paa det landet dei skulde til, og no styrde skipet beint mot strandi. Det slo seg fund paa skjeri, men Maalsfrid fekk tak i ein planke, og baarorne kasta henne i land.

Ei stund laag ho i uvit; men so raadde ho or og reiste seg upp. Det var kje eit menneskje aa sjaa. Sume av skipsfolki hadde blive, og dei som vart berga, skunda seg inn i landet.

So snart Maalsfrid kunde staa paa føterne, streva ho seg upp til fyrtaarnet. Ho vilde stad og takka den store elden som hadde berga henne. Øyst paa fjellhamaren var det lagt flate steinar, og der kveifte dei ein brifing kvar natt so sjøfolk skulde finna rette leidi.

Ein noko til aars komen mann stod og staff i brandarne med ein lang jarnstaur, so han skulde faa elden til aa loga upp att. Daa Maalfrid kom hitaat, glaapte mannen paa henne og undraast svært.

„Eg kjem berre og vil takka den som berga livet mitt,” sa ho.

Mannen log. „Du er mi sann den fyrste som kjem i hug ofs her uppe,” sa han. Det er hardt aa halda nattevakt her paa havstrandi. Men naar folk fyrst hev vorte hjelpte, so spør dei sjeldan kva det var som hjelpte dei.”

„Men no vil eg vera her og hjelpa deg,” sa Maalfrid. „Du skal faa sjaa at eg kann vaka, og eld hev eg passa fyrr.”

Og so vart Maalfrid verande pa fyrtaarnet. Stundom hadde ho fyrste fraa soli gjeff ned til desj det store myrkret fekk magti. Stundom reis ho upp midt paa natti og vakta elden alt til soli rann.

Naar ho gjeff der og staff i brandarne so gneistarne fór hogt til vørs, hadde ho havstormen midt i andlitet og ho hørde marmen av brotsjøarne. So saag ut i myrkret og tenkte paa alle dei som no stridde for livet like eins som ho hadde gjort, og daa gløynde ho nati og kulden. So arbeidde med brifingen so han skulde loga betre upp, og ho bad elden lysa so langt ut paa havet at kvart skip kunde finna hamn.

Men i dei lange næterne tenkte Maalfrid jamt pa systeri. Og naar ho var trøytt av nattevakingi, sa ho med seg sjølv: „Vesle syster mi tarv vel inkje vaka? Vesle syster mi fær vel sova godt?”

Naar ho tenkte paa systeri, saag ho henne alltid for seg nett slik som ho var daa dei gjeff fraa sfoghytta hand i hand. So kom kje i hug at Solveig no var vaksi gjenta.

Ei natt med ho vakta brifingen, tykte ho skilleg at nokon falla paa henne. „Maalfrid, Maalfrid, kom!” ropa det. Og ho hørde godt at det var systeri sit maal.

Daa kunde kje Maalfrid halda ut aa vera der lenger. „Kvifor gjeng eg her natt etter natt og kveifjer eld for framande menneskje, naar mi eigi syster er i naud? Henne lyt eg daa fyrst og fremst hjelpa.”

So sa til fyrvaktaren at no laut ho fara fraa han. So gjeff ho snøgt inn i landet, og skunda paa meir og meir. Det var som nokon venta paa henne og ho ottast at ho skulde koma for seint. Siftpaa tok ho til aa springa, so ho mest flaug i veg.

Maalfrid visste inkje at det just var her i landet Solveig budde. No skal de høyra forleis det hadde gjenge til.

Hertugdøtterne hadde vorte gifte den eine etter hi. Like eins som sporvarne kjem til eit fiskebærtre og nuppar dei raude bæri, fyrst dei er mogne, so hadde riddarane kome til borgi og reist att med kvar si av dei unge møyarne.

Til slutt var berre Solveig att. Daa tykte hertugen det vart for dauvlegt og einslegt paa slottet. So tok han frua si og Solveig med seg og siglde til landet paa den andre sida havet. Han aatte gardar og slott der og.

I det framande landet gjorde dei stor æra paa hertugen, og han var alltid velkommen i kongsgarden. Den gamle kongen var nyleg avliden og sonen hadde teke styret. No skulde han sjaa seg um etter ei dronning. Mest kvar dag kom han og helsa paa hertugen og tala med han um landsstyringi. Men hertugen hadde stødt Solveig inne i stova si; ho sat og nyta silke med han og kongen rødde saman. Allt i eit laut den unge kongen glytta burt paa Solveig. Aldri hadde han set so vent eit andlit og slitt solskins-haar. Men daa ho merka at kongen augnefeste henne vart ho bljug og sløkte i hop silkehespa si.

„Kom hit, so skal eg hjelpa deg,” sa kongen. „Lat meg faa halda hespa for deg!”

So heldt kongen hespa, og Solveig nyta med nedslegne augo. Men daa ho var ferdig, heldt kongen fast i enden av traaden, og med den drog han Solveig til seg.

„Eg slepper deg inkje!” sa han. „Du skal vera dronningi mi, du og ingi onnor i heile verdi.”

No trudde alle at Solveig var yngste dotter til hertugen, og daa kunde ho sagte vera dronning. Dei heldt so hjarteleg av kvarandre, og alt kunde vore godt og vel, dersom inkje kongen stødt hadde havt so mykje aa tenkja paa. Han kunde aldri faa vera i fred heime. Rett som det var, laut han ut og slaast med ein av grannekongarne, og daa var den unge dronningi mest fraa seg av angest og otte. Ho gjekk berre fraa det eine glasjet til det andre og saag etter um han inkje kom att.



Ein gong var han so lenge burte so ho trudde plent han hadde falle i striden. So gret og bar seg fraa morgon til kveld, og det hjelpte aldri dusti at hoff-folki freista aa faa henne paa andre tankar. Dei song og spela, dei hoppa og dansa, og fortalde lange sogor. Men ho vart berre meir og meir sorggjevi. Um neterne fekk ho inkje sova; daa gjekk ho att og fram i dei lange svalgangarne fring slottet og stirde ut i natti. Naar ho stod der og hustru og fraus, kjende ho seg so einsleg som ho inkje skulde aatt ein einaste ven i verdi. Ho hadde kje kome Maalfrid i hug paa mange aar; men no tok ho til aa lengta so hjarteleg etter henne.

Ingen annan paa jordi kunde hjelpa og logna henne en hennar eigi syster, tykte ho. „Maalfrid, Maalfrid, kom!” kviftra ho. Men ho h yrde kje anna en sin eigen flagelaat.

Dag for dag vart dronningi bleikare, og sistpaa laut ho leggja seg ned fyre. Ingen trudde at det stod til liv med henne.

Daa kom kongen heim. Han hadde vunne siger, og var inkje saara eingong. Men gleda kunde kje driva burt all den angesten dronningi hadde fenge i blodet. Ho var komi reint av svevnen. No laag ho der med vidopne augo, og m elte mest inkje ordet.

Kongen bodsfende alle dei glupaste l ekjarane i landet, og dei sa at dronningi maatte sova, elles var der inkje nokor livsvon. Men ingi soveraad hjelppte. Kongen sat tagall og vonlaus ved hovudgjerdi, og ute paa borggarden stod folkemugen og venta paa bod.

Ingen r yvide seg, dei berre kviftra stilt. For dei visste alle, at no skulde dei faa hoyra at dronningi hadde sovna — eller at ho var slofna.

Sj lv laag ho i den store silkesfengi si, bleik og utt erd, med vidopne augo. Ingen av hoffdamorne hennar fekk vera inne, ja inkje l ekjarane eingong. For berre dei anda, so skalv dronningi av angest. Kongen sat og gret. Jamvel det pinte henne. Ho tykte det lydde som eit haglv er mot rutorne naar taarorne hans rann. Kvar gong han r yvide seg, skalv ho og tyktest hoyra dunen av herfolk som styrmdde fram.

Men braatt lyfte dronningi augo; det var som ho saag noko langt burte. So kviftra ho: „Sjaa! Ho kjem! — Ho spring! — Ho kjem hit!”

„Det er dauden ho ventar paa,” tenkte kongen og var so hugsprengd.

Men so gjekk d ri upp, og ei ung gjenta kom inn i stova. Kongen torde inkje uroa dronningi, og han vaaga forkje tala eller gjera teikn til gjenta. Han sag ho var h vakkj og herdebreid og hadde myrke, aalvorsame augo og langt, brunt haar. Berrf tt gjekk ho yver golvet burt til fengi; men fyrr ho naadde dit, rette dronningi baae armarne imot henne.

„Maalfrid!” sa ho og saag so s el ut. „Du kom!”

Men Maalfrid sette seg stilt paa sengkanten. Ho m elte inkje eit ord, berre sat og saag paa systeri og strauk henne yver haaret. Daa kom det ein liten rode i finni aat den unge dronningi, og ho blunda att augo. Ho sov.



Kongen sat lenge still og saag paa dei tvo systerne. Men til slutt reiste han seg og gjekk ut paa høgsvali. Nedunder stod folket enno og bia. Alle saag at kongen haddde graate, og so tenkte dei: No er den unge, vene dronningi vaar slofna.

Men haa! Kongen smiler! Han legg fingeren paa lipporne og peikar med den andre handi inn imot slottet.

Daa skynar dei det. Dronningi skal infje døy! Dronningi skal liva! Dronningi søv!



Norstk Barneblad.

1910.